



SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE

# Årsmelding 2019

## Kontrollutvalet



## Innhald

1	Innleiing .....	4
2	Samansetting av kontrollutvalet .....	4
2.1	Kontrollutvalet 2015 – 2019.....	4
3	Kontrollutvalet sitt formål.....	5
4	Budsjett og rekneskap .....	5
5	Revisjon av fylkeskommunen .....	5
6	Sekretariat for kontrollutvalet .....	6
7	Kontrollutvalet si verksemd 2018 .....	6
7.1	Møteverksemd .....	6
7.2	Fylkestingsaker frå kontrollutvalet.....	7
7.3	Omtale av saker som kontrollutvalet handsama i 2019.....	7
7.3.1	Kontrollutvalet budsjett 2019 – Disponering av vedteken budsjetttramme .....	7
7.3.2	Kjøp av finansiell revisjon og eigarskapskontroll 2019 - bestilling.....	7
7.3.3	Særskild godtgjersle .....	7
7.3.4	Kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapen 2018.....	7
7.3.5	Kontrollutvalet si rolle i samband med samanslåing av Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar.....	7
7.3.6	Selskapskontroll .....	9
7.3.7	Forvaltningsrevisjon – Gjennomføring av prosjekt .....	10
7.3.8	Oppfølging av tidlegare forvaltningsrevisjonsprosjekt.....	11
7.3.9	Møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2018 til desisjon.....	13
7.3.10	Forhandlingsprosess mellom BKK og Sogn og Fjordane fk .....	13
7.3.11	Kontroll av reiserekningar på politisk nivå .....	13
7.3.12	Oppfølging av utvalet sitt arbeid .....	14
8	Andre saker .....	14
9	Oppsummering .....	15

# 1 Innleiing

Kontrollutvalet fører tilsyn og kontroll med den fylkeskommunale forvaltninga på vegne av fylkestinget. Finansiell revisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll er kontrollutvalet sine sentrale oppgåver. Kontrollutvalet si verksemd var heimla i kommunelova, som gjaldt fram til etter valet hausten 2019, § 77. I den nye kommunelova er dette heimla i kapittel 23.

Kontrollutvalet har i 2019, som tidlegare år, hatt fokus på det gode samarbeidet med kontrollutvala i våre nabofylke. I januar 2019 deltok utvalet på felles folkevaldopplæring på Sola Strand hotel utanfor Stavanger for dei, på den tid, fire fylkeskommunale kontrollutvala på Vestlandet.

Medlemmane i utvalet deltok i 2019 på konferansar arrangert av Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) og Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT). Dette er, i tillegg til å vere kompetansebyggingsarenaer, viktige møteplassar for kontrollutvalsmedlemmer der vi møter kollegaer frå heile landet.

## 2 Samansetting av kontrollutvalet

Fylkestinget har det øvste tilsynsansvaret med fylkeskommunen, og vel eit kontrollutval til å føre det daglege tilsynet med den fylkeskommunale forvaltninga, jfr. KL § 22-1 og § 23-1 (§ 76 og § 77 i førre utgåva).

### 2.1 Kontrollutvalet 2015 – 2019

For perioden 2015 – 2019 er det valt eit kontrollutval som er samansett slik:

Leiar:	Frank Willy Djuvik (Frp)*
Nestleiar:	Odd Atle Stegegjerdet (Ap)*
Medlemmar:	Karoline Aldis Bjerkeset (Sp)
	Lise-May Sæle (H)
	Klaus Iversen (V)

\*medlem i fylkestinget

Varamedlemer:

1. vara: Frode Bøthun (Krf)
2. vara: Solfrid Fossberg (Liv B. Stave fram til 17.oktober 2017) (H)
3. vara: Eli Hansen Moen (Ap)
4. vara: Anne Britt Øen Nygård (Sp)
5. vara: Kåre Jarl Langeland (V)
6. vara: Carlo Aall (Mdg)
7. vara: Ole Erik Thingnes (SV)

Dette utvalet hadde funksjonstid ut 2019. I det politiske organisasjonskartet er kontrollutvalet direkte underlagt fylkestinget. Dette medfører at kontrollutvalet har ein uavhengig ståstad i høve til andre fylkeskommunale politiske og administrative organ. Det er følgjeleg berre fylkestinget som kan instruere kontrollutvalet.

### 3 Kontrollutvalet sitt formål

Kontrollutvalet skal føre tilsyn med den fylkeskommunale forvaltninga på vegne av fylkestinget. Utvalet skal sjå til at fylkeskommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, og at rekneskapen vert revidert på ein trygg måte.

Utvalet skal gjennom sitt arbeid bidra til at innbyggjarane og andre interessentar har tillit til Sogn og Fjordane fylkeskommune, og at fylkeskommunen leverer sine tenester og utfører sitt mynde effektivt og målretta i samsvar med lov, forskrift samt fylkestinget sine føresetnader og vedtak. Utvalet skal stå fram som eit kompetent, uavhengig, objektivt og synleg organ med høg integritet.

Det er berre fylkestinget som kan pålegge kontrollutvalet oppgåver utanom dei oppgåvene som er lovfesta.

Kontrollutvalet har eit overordna mål om at kontroll og tilsyn i Sogn og Fjordane fylkeskommune skal bidra til å sikre fylkeskommunen ein best mogeleg forvaltning av ressursane, til føremon for fellesskapet og enkeltmennesket.

### 4 Budsjett og rekneskap

Kontrollutvalet sitt reviderte budsjett for 2019 var på 4,960 mill. kroner, fordelt på kontrollutvalet, sekretariat og kjøp av revisjonstenester.

Budsjettoppfølging har vore utført per tertial.

Rekneskap for 2019 viser eit forbruk på 4,260 mill. kroner, som er eit mindreforbruk på 0,700 mill. kroner.

Mindreforbruket skriv seg hovudsakleg frå færre møte i utvalet då to av møta hausten 2019 gjekk ut.

Det var også lågare deltaking på dei forskjellige konferansar og opplæringsaktivitetane det var lagt til rette for dette året, lågare revisjonskostnader i tillegg til noko forfall til utvalet sine møte.

Fylkeskommunen fekk tilbakebetalt om lag kr. 46 000 frå SF revisjon IKS, som resultat av mindreforbruk 2018. Dette vart tilbakebetalt som frådrag på 1. akontoavrekning dette året, noko som også bidrog til mindreforbruket.

### 5 Revisjon av fylkeskommunen

Sogn og Fjordane fylkeskommune hadde avtale med to revisjonsselskap. Finansiell revisjon og selskapskontroll vart utført av SF revisjon IKS. Dette er regulert i selskapsavtalen til SF revisjon IKS, der fylkeskommunen er ein av fleire deltakarar. Deltakarforhold i SF revisjon IKS vart sagt opp i brev datert 17.12.2018 som ein konsekvens av fylkessamanslåinga med Hordaland fylkeskommune, og at fellesnemnda for Vestland fk i sak 34/18 vedtok at Vestland

fylkeskommune skulle kjøpe alle revisjonstenester i marknaden. Oppseiinga gjaldt frå 31. desember 2019.

Kontrollutvalet gjennomførde ein anbodskonkurrans for å få på plass ny rammeavtale for kjøp av forvaltningsrevisjon i 2016. Dette resulterte i at fylkestinget 6.12.2016 i FT-sak 44/16 vedtok å inngå ny rammeavtale med Deloitte AS frå 1.6.2017 – 31.5.2019 med opsjon for fylkeskommunen til å forlenge avtalen i ytterlegare to år. Fylkestinget vedtok i FT-sak 2/19 forlenging av avtalen til 31.12.19.

## 6 Sekretariat for kontrollutvalet

Fylkestinget skal sørge for at kontrollutvalet har tilfredsstillande sekretariatbistand. Sekretariatet har i 2019, som dei føregåande åra, bestått av ein person i heil stilling. Organisatorisk er sekretariatet (kontrollsjefen) direkte plassert under kontrollutvalet, og det medfører at kontrollutvalet har arbeidsgjevaransvaret. Organiseringa sikrar uavhengigheit til den administrative leiinga av fylkeskommunen, som er gjenstand for kontroll og tilsyn av kontrollutvalet. Organiseringa sikrar i tillegg uavhengigheit til selskapa som reviderer fylkeskommunen.

## 7 Kontrollutvalet si verksemd 2018

### 7.1 Møteverksemd

Kontrollutvalet gjennomførde 7 møte i 2019. Utvalet behandla 53 saker.

Tre av møta vart avvikla på fylkeshuset. Eit (28. juni) var avvikla som telefonmøte.

Møtet 11. februar vart gjennomført på Firda vgs på Sandane. Utvalet hadde møte med rektor på skulen i tillegg til dagleg leiar og styreleiar i Trivselshagen IKS.

Møtet 6. – 7. mai var gjennomført som fellesmøte med kontrollutvalet i Hordaland. Utvala fekk mellom anna orientering om status i arbeidet med oppretting av Vestland fk frå prosjektleiar. I tillegg fekk utvala orientering om ny personvernlov og informasjon frå avdeling for kultur, idrett og inkludering. Utvala diskuterte i fellesmøtet saker som reglement, budsjett, innkomne tilbod på revisjon osv. Dei to utvala behandla dei politiske sakene kvar for seg.

Møtet 1. oktober vart gjennomført i Balestrand.

Medlemmane i utvalet, fylkesordførar og fylkesrådmann får tilsendt møteinnkalling og alle sakspapir til møta i kontrollutvalet via OneNote. Revisorane får tilsendt innkalling via e-post eventuelt via fylkeskommunen si heimeside, der sakspapir og møteprotokoll vert lagt ut. Dette gjeld ikkje for saker som er unnateke offentleg innsyn.

## 7.2 Fylkestingsaker frå kontrollutvalet

Kontrollutvalet fremja ni saker til handsaming i fylkestinget i 2019:

- Forvaltningsrevisjon HMT og inkluderande arbeidsliv - rapport (FT-sak 1/19)
- Forvaltningsrevisjon – Forlenging av avtale (FT-sak 2/19)
- Høyring – ny kontrollutvalgs- og revisjonsforskrift (FT-sak 3/19)
- Årsmelding 2018 – Kontrollutvalet (FT-sak 4/19)
- Kontroll av møtebøker frå fellesnemnda (FT-sak 5/19)
- Desisjon av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2018 (FT-sak 17/19)
- Selskapskontroll VIGO IKS – rapport (FT-sak 18/19)
- Kontroll av reiserekningar på politisk nivå (FT-sak 37/19)
- Trivselshagen IKS – Selskapskontroll – rapport (FT-sak 38/19)

## 7.3 Omtale av saker som kontrollutvalet handsama i 2019

### 7.3.1 Kontrollutvalet budsjett 2019 – Disponering av vedteken budsjettramme

Kontrollutvalet tok 11. februar i KU-sak 8/19 disponering av vedteken budsjettramme til vitande. Saka vart behandla på bakgrunn av framlegg frå kontrollsjef og ansvarsbrev for 2019.

### 7.3.2 Kjøp av finansiell revisjon og eigarskapskontroll 2019 - bestilling

Bestillingsdokumentet med bestilling av finansiell revisjon og selskapskontroll for totalt kr. 1 678 319 vart behandla og vedteke av kontrollutvalet 11. februar i KU-sak 9/19. Bestillingsdokumentet vart sendt til SF revisjon IKS i etterkant av møtet. I tillegg vedtok kontrollutvalet 28. mai i KU-sak 34/19 avtale med SF revisjon IKS om ferdigstilling av revisjon av 2019-rekneskapen våren 2020.

### 7.3.3 Særskild godtgjersle

Kontrollutvalet vedtok ei tilråding til fylkesutvalet om særskild godtgjersle til leiar i kontrollutvalet for meirarbeid våren 2018 på bakgrunn av at kontrollsjefen brått vart sjukmeldt. Fylkesutvalet godkjende godtgjersla 8. april i vedtak i FU-sak 32/19.

### 7.3.4 Kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapen 2018

Kontrollutvalet ga i KU-sak 24/19 uttale til fylkestinget om årsrekneskapen 2018 på grunnlag av avlagt årsrekneskap, årsrapport frå fylkesrådmannen og revisjonsmelding frå SF revisjon IKS. Saka vart behandla i kontrollutvalet 6. mai.

### 7.3.5 Kontrollutvalet si rolle i samband med samanslåing av Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar

Kontrollutvalet behandla fleire saker i 2019 som var nødvendige for å førebu overgang til ny fylkeskommune. Dette gjaldt saker som val av revisor for den nye fylkeskommunen, budsjett og reglement for kontrollutvalet.

### **7.3.5.1 Val av revisor for Vestland fylkeskommune**

Kontrollutvalet behandla, og godkjende, konkurransegrunnlaget for kjøp av revisjonstenester 11. februar i KU-sak 4/19. Dette vart også gjort i kontrollutvalet i Hordaland fk. Utvalet fekk ein gjennomgang av tilboda i arbeidsmøte 28. mai. Utvalet vedtok å støtte den faglege vurderinga som så langt var gjort av sekretariata. Val av revisor vart behandla 2. september i KU-sak 46/19, og utvalet vedtok, til liks med utvalet i Hordaland, å rå til at Deloitte AS vart vald som revisor for Vestland fk. Tilrådinga gjekk til fellesnemnda som seinare i september vedtok tilrådinga frå kontrollutvala.

### **7.3.5.2 Budsjett for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune for 2020**

Kontrollutvala i dei to fylkeskommunane som no har blitt til Vestland behandla 11. februar 2019 sak om budsjett og budsjettprosess for kontrollutvalet i den nye fylkeskommunen. Kontrollutvala gjorde like vedtak i denne saka (KU-sak 5/19 i Sogn og Fjordane fk sitt kontrollutval). Utvalet vedtok å be kontrollsjefen i Vestland fylkeskommune om, våren 2019, å leggje fram forslag til budsjett for kontrollutvalet for 2020. Kontrollutvalet behandla 28. mai eit førebels budsjettframlegg frå kontrollsjefen. Dette vart vedtatt som framlagd. Endeleg budsjettframlegg vart behandla 2. september. Kontrollutvalet vedtok i KU-sak 41/19 det framlagde budsjettforslaget.

### **7.3.5.3 Reglement for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune**

Kontrollutvala i dei to fylkeskommunane starta 11. februar arbeidet med ein prosess for å få på plass eit reglement for kontrollutvalet i Vestland fk før 2020. Kontrollsjefen i Vestland fekk i oppdrag å legge fram forslag til reglement i løpet av våren 2019. Det vart orientert om status i arbeide i fellesmøte mellom dei to kontrollutvala 6. mai. Reglementet vart godkjent av kontrollutvalet 2. september, og likelydande innstilling vart sendt frå begge utvala til fellesnemnda for endeleg godkjenning. Fellesnemnda godkjende reglementet 18. september.

### **7.3.5.4 Organisering og lokalisering av sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune**

Denne saka vart behandla 11. februar. Dei to kontrollutvala vedtok litt forskjellige vedtak. Utvalet i Sogn og Fjordane vedtok følgjande:

- 1. Kontrollutvalet tilset kontrollsjef.*
- 2. Kontrollutvalet har arbeidsgjevaransvar for kontrollsjefen, og vel kven frå utvalet som har fullmakt til å forhandla og fastsetta løn og arbeidsvilkår for kontrollsjefen.*
- 3. Kontrollsjefen har arbeidsgjevaransvar for sekretariatet, og kan endra tal tilsette parallelt med inntening på eksterne oppdrag.*
- 4. Eksterne oppdrag er i hovudsak overfor kontrollutval i Vestland fylke.*
- 5. Sekretariatet har sete i Bergen og Leikanger.*
- 6. Prinsippa som er gjort greie for i denne saka, er førande for arbeidet i sekretariat for Kontrollutvalet*

Vedtaket frå kontrollutvalet i Hordaland hadde litt forskjellig ordlyd i pkt. 1 og 5. I pkt. 1 vedtok dei at fylkestinget er tilsettingsorgan for kontrollsjefen, etter innstilling frå kontrollutvalet, og i pkt. 5 gjorde dei vedtak om at sekretariatet har sete i Bergen og avdelingskontor i Leikanger.

## 7.3.6 Selskapskontroll

### 7.3.6.1 Selskapskontroll 2018 – Eigarskapskontroll av Sogn og Fjordane teater

Kontrollutvalet vedtok 6. september 2018 i KU-sak 40/18 å bestille eigarskapskontroll av Sogn og Fjordane teater. Eigarskapskontrollen vart gjennomført av SF revisjon IKS, og rapporten etter gjennomført kontroll vart levert 7. januar 2019. Revisor skreiv i sin konklusjon at eigarskapsutøvinga i all hovudsak var i tråd med krava. Revisor peikte likevel på fem punkt der eigarskapsstyringa ikkje hadde vore i tråd med krav eller føringar gitt av fylkestinget. Desse punkta vart tekne opp i høyringsuttalane. Kontrollsjefen vurderte, ut frå høyringsuttalane, at eigarrepresentanten i stor grad ville følgje opp forbetningspunkta. Det er også verdt å merke seg forslaget frå eigarrepresentanten om ei sjekkliste for forventningar til eigarrepresentantane i si utøving av denne funksjonen. Kontrollutvalet valde i KU-sak 10/19 å ta rapporten etter eigarskapskontrollen til etterretning, og at vidare rapportering til fylkestinget skulle skje i kontrollutvalet si årsmelding.

### 7.3.6.2 Trivselshagen IKS – selskapskontroll

Kontrollutvalet vedtok å bestille dette prosjektet 1. april 2019 i KU-sak 15/19. Prosjektplan vart behandla, og vedteken, 6. mai i KU-sak 25/19. Rapport vart mottatt 24. september, og kontrollutvalet behandla rapporten 1. oktober i KU-sak 49/19. Kontrollutvalet vedtok tilråding til fylkestinget med ni tiltak for forbetring. Fylkestinget vedtok kontrollutvalet si tilråding 8. oktober i FT-sak 38/19. Vedtaket er sendt kontrollutvalet i Vestland fk for eventuell vidare oppfølging.

### 7.3.6.3 Selskapskontroll av VIGO IKS – rapport

KONSEK, sekretariatet for kontrollutvalet i Sør-Trøndelag fylkeskommune, tok i mars 2017 kontakt med sekretariata for fylkeskommunane i landet for å få gjennomført ein felles selskapskontroll av VIGO AS.

VIGO er eigd av fylkeskommunane i landet i tillegg til Oslo kommune, og er ein nettstad for dei som skal søkje seg vidaregåande opplæring.

Bakgrunnen for gjennomføring av selskapskontroll av VIGO var at selskapet stod for drift og utvikling av tenester som er særskilt viktige for eigarane. Selskapet har høgt budsjett, få tilsette og gjennomfører komplekse innkjøp av høg verdi. Det er i tillegg stor geografisk spreiding på eigarsida, noko som kan vere ei utfordring og ein risiko ved eigarstyringa.

Kontrollutvalet vedtok 30. mai 2017 i sak 28/17 å delta i gjennomføringa av ein felles selskapskontroll av selskapet.

Fylkestinget i Trøndelag fk behandla rapporten 24. april 2019, og gjorde følgjande vedtak:

1. *Fylkeskommunens sitt eierskap er i all hovudsak i tråd med politiske vedtak, selskapslovgivning og normer for god eierstyring.*
2. *Fylkestinget ber eierrepresentanten påse at selskapet ved styret:*
  - a. *overholder lov om interkommunale selskaper når det gjelder utsendelse av sakliste og protokollering.*
  - b. *synliggjør risiko ved anskaffelser i selskapets strategier og rutiner.*
  - c. *fortsetter med implementering av system for internkontroll og at håndteringen av personvernopplysninger er i tråd med gjeldende lov og forskrift.*



3. *Fylkestinget ber eierrepresentanten i representantskapet til VIGO IKS fremme forslag innen utgangen av 2020 om:*
  - a. *at styret evaluerer sitt eget behov for innhente nødvendig kompetanse i styrearbeidet for å møte fremtidige utfordringer for selskapet.*
  - b. *at styret evaluerer selskapets behov for å etablere et permanent og bredere fagmiljø for å redusere behovet for konsulentbistand.*
4. *Fylkestinget tar rapporten for øvrig til orientering*

Fylkestinget gjorde slikt vedtak 4. juni 2019 i FT-sak 18/19 etter tilråding frå kontrollutvalet:

1. *Fylkestinget sluttar seg til vedtaket frå fylkestinget i Trøndelag fylkeskommune og ber vår eigarrepresentant påsjå at selskapet ved styret:*
  - a. *overheld lov om interkommunale selskap når det gjelder utsending av sakliste og protokollering.*
  - b. *synleggjer risiko ved anskaffingar i selskapet sine strategiar og rutinar.*
  - c. *fortset med implementering av system for internkontroll og at handteringa av personvernopplysningar er i tråd med gjeldande lov og forskrift.*
2. *Fylkestinget ber vår eigarrepresentant støtte forslaget i representantskapet om:*
  - d. *at styret evaluerer sitt eige behov for innhente nødvendig kompetanse i styrearbeidet for å møte framtidige utfordringar for selskapet.*
  - e. *at styret evaluerer selskapet sitt behov for å etablere eit permanent og breiare fagmiljø for å redusere behovet for konsulentbistand.*
3. *Fylkestinget tar rapporten for øvrig til orientering*
4. *Det vert lagt til grunn at kontrollutvalet i Trøndelag fylkeskommune føl opp vedtaket gjort av fylkestinget i eige fylke*

### **7.3.7 Forvaltningsrevisjon – Gjennomføring av prosjekt**

#### **7.3.7.1 Forvaltningsrevisjon – Trygt og godt skulemiljø**

Kontrollutvalet vedtok 21. desember 2018 i KU-sak 59/18 å bestille forvaltningsrevisjon av mobbing/psykososialt læringsmiljø, seinare omdøyppt til forvaltningsrevisjon – trygt og godt skulemiljø. Utvalet godkjende prosjektplanen 11. februar 2019.

I møte 1. april 2019 behandla utvalet eit innspel frå opplæringsavdelinga (KU-sak 17/19), som gjekk ut på at fylkesmannen var i gang med eit tilsyn som i hovudsak omhandla innhaldet i forvaltningsrevisjonen. Fylkesdirektør for opplæring orienterte om status for tilsynet frå fylkesmannen. Tilsynet var på det tidspunktet ikkje ferdig, men opplæringsavdelinga hadde mottatt ein førebels rapport, og tilsvar var sendt fylkesmannen både frå fylkesrådmann og rektor. Kontrollutvalet tok orienteringa til vitande og vedtok som følgje av informasjon gitt i møtet, å avslutte forvaltningsrevisjonen Trygt og godt skulemiljø.

#### **7.3.7.2 Forvaltningsrevisjon innan HMT og inkluderande arbeidsliv**

Kontrollutvalet vedtok prosjektplan for forvaltningsrevisjon innan HMT og inkluderande arbeidsliv 3. april 2018 i KU-sak 17/18. Kontrollutvalet ba om rapport innan utgangen av oktober 2018. Revidert prosjektplan vart vedtatt 6. september i KU-sak 37/18, der frist for levering av rapport vart utsett til midten av desember. Prosjektet vart forsinka, og rapporten vart ferdig våren 2019. I møte 11. februar 2019 informerte revisor om at rapporten vert ferdig seinast 18. mars. Rapporten vart behandla av kontrollutvalet 1. april i KU-sak 14/19. Utvalet vedtok ei tilråding til fylkestinget i fire punkt. Fylkestinget vedtok tilrådinga frå kontrollutvalet med eit tilleggspunkt som gjaldt frikjøpsordninga til vernetenesta (pkt. 2c, vi.)

24. april i FT-sak 1/19. Det vart bedt om tilbakemelding på oppfølginga av vedtaket innan 31. august. Oppfølgingsrapport vart behandla av kontrollutvalet 1. oktober, der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Rapport datert 31. august 2019 etter oppfølging av forvaltningsrevisjon av HMT og inkluderande arbeidsliv vert teken til orientering*
2. *Kontrollutvalet vurderer arbeidet som er gjort så langt til å vere grundig*
3. *Kontrollutvalet ber om at tiltaka i pkt. 3 i fylkestinget sitt vedtak vert følgt opp av kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune*

Punkt 3 i fylkestinget sitt vedtak i FT-sak 1/19, som det her er vist til, er som følgjer:

3. *Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å sikre at følgjande tiltak vert teke med og implementert i nye Vestland fylkeskommune*
  - a. *Sikre at rutinar og malverk vert oppdaterte i høve til gjeldande regelverk og organisering*
  - b. *Sikrar at fylkeskommunen etterlev krav til registrering av personskadar og at registeret er kjent og tilgjengeleg for verneombod og arbeidsmiljøutval*
  - c. *Etablere skriftlege rutinar som skal sikre etterleving av regelverk i samband med planlegging og gjennomføring av organisasjonsendringar*
  - d. *Etablere eit avvikssystem som gir oversikt over avvik i heile fylkeskommunen og som kan nyttast til utvikling og forbetring av tenestene*

Vedtaket er oversendt kontrollutvalet i Vestland fk for vidare oppfølging.

### **7.3.8 Oppfølging av tidlegare forvaltningsrevisjonsprosjekt**

Ein del av oppfølgingspunkta i forvaltningsrevisjonsprosjekta er omfattande gjeremål som krev tid å få gjennomført. Det er kome på plass rutine for oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapportar mellom kontrollsjef og fylkesrådmann. Det er utarbeidd eit rekneark i samband med oppfølginga med oversikt over status på dei forskjellige prosjekta. Det er kontrollsjefen som er ansvarleg for oppdatering av reknearket, og det vert lagt fram for kontrollutvalet to gonger i året. I framkant av handsaming i kontrollutvalet vert status gjennomgått med fylkesrådmannen. I tillegg er det fokus på oppfølging av det enkelte forvaltningsrevisjonsprosjekt som har vore gjennomført.

#### **7.3.8.1 Forvaltningsrevisjon – Innkjøp – oppfølging av vedtak i FT-sak 2/18**

Kontrollutvalet mottok 11. januar notat frå fylkesrådmannen med status for oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen. Seinare mottok kontrollsjefen ytterlegare informasjon frå innkjøpssjefen vedr. oppfølging av vedtak både i FT-sak 2/18 og 12/18. Fylkesrådmannen v/innkjøpssjefen har gjennomført eit omfattande arbeid ved oppfølginga av dei to fylkestingsvedtaka. Kontrollutvalet viser i KU-sak 13/19 til fylkesrådmannen sine notat som viser at alle tiltaka enten er ferdig utførde eller er i ferd med å bli det.

Utvalet var fornøgd med det som kom fram i notata og vedtok 11. februar i KU-sak 13/19 å seie seg ferdige med saka.

#### **7.3.8.2 Forvaltningsrevisjon – Kulturminneforvaltninga i Sogn og Fjordane fylkeskommune – oppfølging av vedtak i FT-sak 10/17**

Kontrollutvalet mottok rapport frå fylkesrådmannen 29. januar 2018 med status på oppfølginga av denne forvaltningsrevisjonen. Rapporten vart behandla 27. februar i KU-sak 6/18. Kontrollutvalet registrerte at mykje av oppfølgingsarbeidet etter forvaltningsrevisjonen var ferdig gjennomført, men stilte spørsmål om tidsaspektet for kartlegging av kulturminne av

regional verdi er tilfredsstillende og i tråd med vedtak i fylkesutvalet. Utvalet ba om ny rapport innan 13. mai.

Rapport mottatt 14. mai 2018 med ny status og vedlagt dei malar som kontrollutvalet hadde etterspurt. Utvalet vedtok i KU-sak 28/18 å be fylkesrådmann om ny status vedrørende kartlegging av kulturminne av regional verdi innan utgangen av 1. kvartal 2019.

Kontrollutvalet behandla 6. mai 2019 ny rapport etter oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen, der fylkesrådmannen gjer greie for status i arbeidet med kartlegginga av kulturminne av regional verdi og det arbeidet som ligg til grunn for denne kartlegginga. Kontrollutvalet vurderte etter behandlinga av fylkesrådmannen sin rapport vedtaket i FT-sak 10/17 til å vere oppfølgt.

### **7.3.8.3 Forvaltningsrevisjon – Reiseliv**

Dette prosjektet vedtok kontrollutvalet å bestille 13. desember i KU-sak 58/17. Kontrollutvalet behandla rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon og rådde til at fylkesrådmannen skulle gjennomføre fleire tiltak til forbetringar, og rapportere status til kontrollutvalet innan 31. desember 2018. Fylkestinget vedtok kontrollutvalet si tilråding i FT-sak 34/18.

Kontrollutvalet behandla statusrapport frå fylkesrådmannen 6. mai i KU-sak 28/19. Utvalet vedtok å ta rapporten frå fylkesrådmannen til vitande etter at det i saksframlegget vart konkludert med at dei åtte oppfølgingspunkta i rapporten var gjennomførde. Utvalet avslutta med det oppfølginga av denne forvaltningsrevisjonen.

### **7.3.8.4 Forvaltningsrevisjon - Musea i Sogn og Fjordane – oppfølging av vedtak i FT-sak 3/18**

Kontrollutvalet behandla rapport om oppfølging av dette prosjektet 6. september 2018 i KU-sak 38/18, der handlingsplan for samarbeidet med MISF vert presentert, men der kontrollutvalet vurderer tilbakemeldinga som litt uklår når det gjeld oppfølging. Utvalet vedtok å be om tydlegare tilbakemelding når det gjeld punkt 1 og 2 i fylkestingsvedtak 3/18.

Kontrollutvalet behandla 2. september 2019 ny oppfølgingsrapport frå fylkesrådmannen, der det vart gjort greie for oppfølging av dei to nemnde punkta i fylkestingsvedtak 3/18. Kontrollsjefen vurderte tilbakemeldinga frå fylkesrådmannen til å ha fått på plass ein tydlegare rapportering i samband med driftstilskot og rutine for oppfølging av tilskota, slik det er bedt om i tilbakemeldinga frå kontrollutvalet etter møtet 6. september i fjor. Kontrollutvalet vurderte etter behandling av saka forvaltningsrevisjonen av musea i Sogn og Fjordane til å vere ferdig oppfølgt.

### **7.3.8.5 Forvaltningsrevisjon - Utdannings- og yrkesrådgiving i vidaregåande skule**

Kontrollutvalet vedtok å bestille dette prosjektet 26. september i KU-sak 40/17. Rapport vart mottatt 2. november 2018, og kontrollutvalet behandla rapporten 20. november i KU-sak 47/18. Kontrollutvalet vedtok tilråding til fylkestinget med seks tiltak for forbetring. Fylkestinget vedtok kontrollutvalet si tilråding med endring i to av tiltaka. Fylkestinget ba fylkesrådmannen gjennomføre tiltaka og rapportere status til kontrollutvalet innan 30. mai 2019.

Utvalet behandla 2. september notat frå fylkesrådmannen med status i oppfølginga av forvaltningsrevisjonsrapporten. I rapporten gjekk fylkesrådmannen gjennom alle oppfølgingspunkta på ein oversiktleg og god måte. Det vart mellom anna vist til betre informasjon til elevane om tilgjengelege rådgjevarar, tilbod om individuelle samtalar mellom rådgjevar og elev, vurderingar til forbetringar etter innspel frå elevane knytt til utdannings- og yrkesretteiing og tiltak for å auke den einskilde rådgjevar sin rådgjevarkompetanse med mål om å tilfredsstillte tilrådde kompetansekrav frå utdanningsdirektoratet. Kontrollutvalet tok notatet frå fylkesrådmannen til vitande og vurderte i KU-sak 44/19 med at forvaltningsrevisjonen var ferdig oppfølgt.

### **7.3.9 Møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2018 til desisjon**

Kontrollutvalet vedtok i 11. februar 2019 i KU-sak 2/19 prosjektplan for gjennomføring av desisjonssaka og ba om rapport innan 15. mai. Revisor fann ikkje avvik i vedtak fatta av fylkesutvalet og hovudutvala i gjennomført stikkprøvegjennomgang frå møtebøkene for 2018. Kontrollutvalet behandla saka 28. mai. Utvalet vedtok i KU-sak 32/19 å rå fylkestinget til å ta rapporten til vitande. Fylkestinget vedtok kontrollutvalet si tilråding 4. juni i FT-sak 17/19.

### **7.3.10 Forhandlingsprosess mellom BKK og Sogn og Fjordane fk**

Kontrollutvalet gjennomførde telefonmøte 28. juni 2019 for å behandle eventuell kontrollhandling i samband med forhandlingsprosessen om å kjøpe BKK ut av Sogn og Fjordane Energi. Utvalet vedtok følgjande i KU-sak 38/19:

- 1. Kontrollutvalet ber kontrollsjefen om å utforme spørsmål og problemstillingar til fylkesrådmannen basert på saksframlegget og innspel i møtet.*
- 2. Kontrollsjefen blir bedt om å utarbeide tilleggsspørsmål, som eventuelt kan stillast til andre aktørar, der dette er nødvendig.*
- 3. Kontrollsjefen får mandat til å gjere eigne vurderingar og engasjere ekstern kompetanse der dette er føremålstenleg.*
- 5. Kontrollutvalet ber om ei sak med forslag til vidare prosess.*

Utvalet behandla sak om temaet 1. oktober i KU-sak 53/19. Kontrollsjefen konkluderte i saka med at fylkesrådmannen sine svar i undersøkinga ikkje ga grunnlag for vidare undersøkingar. Kontrollutvalet vedtok følgjande:

- 1. Kontrollutvalet tek konklusjonen i saka frå kontrollsjefen til orientering*
- 2. Det er ikkje avdekket forhold som tilseier vidare undersøkingar i saka*
- 3. Kontrollutvalet ser seg ferdig med saka*

### **7.3.11 Kontroll av reiserekningar på politisk nivå**

Kontrollutvalet behandla rapport etter kontroll av reiserekningar på politisk nivå 2. september i KU-sak 40/19. Saka kom først opp i KU-møte 11. februar der utvalet under revisor si orientering om status i finansiell revisjon ytra ynskje om ein slik kontroll. Utvalsleiar og kontrollsjef utarbeidde bestilling på bakgrunn av innspel i møtet 11. februar, og denne bestillinga fekk utvalet til orientering i møte 1. april.

Kontrollutvalet behandla rapporten frå revisor i møte 2. september, og vedtok følgjande tilråding til fylkestinget:

1. *Fylkestinget tek rapport etter kontroll av reiserekningar på politisk nivå til etterretning*
2. *Fylkestinget ber fylkesrådmannen sjå til at legitimering av formål med, og førehandsgodkjenning av reiser får fokus ved utarbeiding av rutinar og retningslinjer for yrkesreiser i den nye fylkeskommunen*
3. *Fylkestinget ber fylkesrådmannen sjå til at:*
  - a. *Program, invitasjon og andre forklarande dokument skal leggjast ved under opplastingsfunksjonen «Generelle dokument» i startskjermBILETET i reiserekningssystemet (første skjermBILETE)*
  - b. *Eventuell godkjenning og kven som har gitt denne skal gå fram som skriftleg kommentar frå den som krev refusjon i sluttskjermBILETET*
4. *Tiltaka 3a og 3b vert innført og presisert for alle brukarar av reiserekningssystemet i dagens fylkeskommune*

Fylkestinget vedtok tilrådinga frå kontrollutvalet 8. oktober i FT-sak 37/19. Vedtaket er oversendt kontrollutvalet i Vestland fk for eventuell oppfølging.

### **7.3.12 Oppfølging av utvalet sitt arbeid**

Kontrollutvalet har ei fast sak om oppfølging av utvalet sitt arbeid. I denne saka får utvalet sine medlemmer ei oversikt over utvalet sitt pågåande arbeid med kontroll og tilsyn av den fylkeskommunale verksemda. Utvalet handsamar også ei sak om status på gjennomførte forvaltningsrevisjonar i løpet av året (KU-sak 30/19).

I tillegg har utvalet ei fast sak med skriv, meldingar og orienteringar. I denne saka vert skriv som er aktuelle for utvalet lagt fram. Utvalet får i tillegg orienteringar frå eksempelvis fylkesrådmann, revisor eller andre som utvalet vil ha ei eller anna form for orientering frå. Leiar i utvalet og kontrollsjef har eigne orienteringspunkt i saka.

Utvalet vedtok i KU-sak 20/19 eiga årsmelding for 2018 og sendte den til fylkestinget som orienteringssak.

Kontrollutvalet gjennomførte evaluering av arbeidet i kontrollutvalet for perioden 2015 – 2019 i møte 1. oktober 2019. Resultatet av evalueringa er sendt til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune.

## **8 Andre saker**

Kontrollutvalet vedtek eigen møte- og aktivitetsplan der aktivitetane til utvalet er tilpassa behov for tilsyn og kontroll og det budsjettet som utvalet får tildelt. I tillegg vedtek utvalet årsplan for eige utval og gje vedtak om disponering av eige budsjett. Utvalet har gjennom året innhenta opplysningar og stilt spørsmål til administrasjonen på fleire ulike område.

Kontrollutvalet vedtok i KU-sak 19/19 høyringsvar til ny kontrollutvalgs- og revisjonsforskrift. Høyringsuttalen vart sendt til fylkestinget for endeleg vedtak. Høyringsuttalen vart vedteken av fylkestinget i sak 3/19, og vart deretter sendt Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Rammeavtalen mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Deloitte AS om gjennomføring av forvaltningsrevisjon vart forlenga til å gjelde ut året. Den vart behandla av kontrollutvalet 1. april i KU-sak 16/19. Utvalet vedtok å tilrå fylkestinget å forlenge avtalen fram til 31. desember 2019. Fylkestinget vedtok tilrådinga 24. april i FT-sak 2/19.

SF revisjon orienterte kontrollutvalet om revisjonsplan for revisjon av 2019-rekneskapen 1. oktober 2019. Utvalet tok orienteringa til vitande i KU-sak 47/19.

## 9 Oppsummering

Kontrollutvalet legg vekt på å vere ein nyttig aktør for at fylkeskommunen skal nå sine mål. Kontrollutvalet legg også vekt på å bidra til å skape tillit til fylkeskommunen si verksemd.

Kontrollutvalet legg årsmeldinga fram for fylkestinget som rapport om utvalet sitt arbeid med tilsyn og kontroll av den fylkeskommunale verksemda.

Kontrollutvalet takker revisorar, administrasjon og politisk leiing for samarbeidet i 2019.

### Leikanger 1. februar 2020

Frank Willy Djuvik, leiar (s)

Odd Atle Stegegjerdet, nestleiar

Karoline Aldis Bjerkeset

Klaus Iversen

Lise-May Sæle

Einar Ulla, kontrollsjef (s)



SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE

Foto framside: Aurlandsfjorden,  
frå utsiktspunktet Stegastein.  
Fotograf: Rolf M. Sørensen